

Preses Olav Fykse Tveit:

MINNEORD

VED GRAVFERDA

FOR BISKOP OG PRESES FINN WAGLE

Urbanienborg kyrkje, Oslo, 12. mai 2026

Biskop emeritus og preses Finn Wagle har lagt ned sin pilgrimsstav. Det er vemodig, og samstundes er vi fylte med djup takk. Han var ein sann «medvandrer» for oss andre i kyrkja, heilt til det siste. Han var så levande engasjert i det som eg vil kalle hans livsverk med å vere *kyrkjeleiar*. Han fekk på ein spesiell måte fram kva som er opphav og oppdrag for Den norske kyrkja som ei folkekyrkje.

Finn sa ein gong at han skulle komme til tusenårsjubileet for kyrkje og nasjon i 2030 - med sin rullator. Det vart ikkje slik, men han har vist oss fleire gode vegar dit.

Han var særleg oppteken av det eg vil kalle *innhaldet i kyrkja*. Det var ikkje for at kyrkja skulle bli meir oppteken med interne saker, men fordi han ville få fram kor mykje kyrkja hadde å komme med. Det gjaldt innhaldet i trua, i gudstenesta og i bønene, og ikkje minst korleis nettopp det kunne gi meining til livet og skape fellesskap.

Han ville samle oss om det som var såre godt, og i erkjenning av det sårbare liv på jorda. Han bar sin kross og peikte på sentrum i vår kristne tru, den krossfeste og oppstandne Kristus. Finn ville som kyrkjeleiar følgje Kristus, og han ville ha mange med seg.

Vi kan setje mange ord på hans leiarskap. Visjonært og iderikt, med men også jordnært og praktisk, med mykje

gjennomføringskraft og stayerevne. Det vart eit stort og breidt engasjement i mange heilt sentrale deler av kyrkjens liv.

Finn Wagle fylte dei mange store og små oppgåvene han fekk i kyrkja med både alvor og glede. Han hadde sans for dei store samanhengane og dei små detaljar, med innsikt i kva ord og handlingar kan bety. Det viste han då han leia signingsgudstenesta i 1991, og det viste han når han hadde barn på besøk i kyrkja.

Medarbeidarane i kyrkja, lokalt, regionalt og nasjonalt, men og alle dei som representerer folket og dets institusjonar, fekk møte ein varm og høgt respektert biskop Wagle.

Finn Wagle vart på mange vis ein *lærer* i kyrkja. Det var alltid noko han hadde på hjarta, noko vi skulle få med oss og ta til oss. Som prest i Sørreisa lærte han sjølv mykje, om både folk og kyrkje. Det vart ført vidare i hans arbeid som prestelærer ved praktikum på Menighetsfakultetet. Det gjaldt ikkje berre å kunne, men også å forstå, og å bruke det i praksis i kyrkja. Mange har lært mykje av Finn både om kyrkjelege handlingar og kyrkjelege haldningar. Det gjeld ikkje minst respekten for kvarandre som menn og kvinner som er kalla til den samme tenesta i den eine kyrkja.

Med styrar for IKO og ansvar for «kristen oppseding», ville han vise korleis den kristne trua vart rikare av å bli farga av kulturen. Før andre fekk han fram at det enkle er ofte det beste. Alle skulle kunne få ein himmel over livet ved å lære kveldsbøner.

Finn Wagle var biskop i Nidaros i 17 år. Han vart godt kjend i bispedømmet, vel tatt imot og elska som ein biskop med både høgde og djupne.

Han lærte sjølv noko der som han gjerne formilda vidare. Han opna for at både kyrkje og folk, i Nidaros og i heile Den norske kyrkja, kunne verte glad i det han omtalte som «Olavsarven». For Finn handla det om korleis kristen tru og liv hadde slått rot både i

kyrkja og i vår kultur. Han førte desse samanhengane inn i vår tid, og han skreiv på ein måte eit nytt kapittel i denne historia.

I dette lyset såg han Nidaros som by, bispesete og bispedømme, og ikkje minst Nidarosdomen som katedralen som skulle vere der for heile kyrkja og for nasjonen.

Han understreka ofte at Olavsarven var ein brei folkekyrkjeleg tradisjon. Den var ikkje knytta til klosterliv for nokre få, slik andre helgentradisjonar kunne vere, men med uttrykk og former som nettopp kunne vise at alle kunne ha Kristus til venn. Slik også Heilag-Olav hadde det.

Eg ser hans initiativ til fornya pilgrimsarbeid også i denne samanhengen. Han bokstavleg tala gjekk opp gjengrodde stier. Han minte oss ofte om at «hele vårt liv er en vandring mot det hellige».

Finn fekk fram at dette ikkje berre er Den norske kyrkjas arv, men noko som høyrer heile den økumeniske kyrkjefelleskapen til. Dette handla også om å vere eitt i Kristus. Han kunne uttale at pilgrimar ikkje «kom for å syngje om Norges folk og Norges kirke ved olsok, men om Kristus og hans kirke på jord.» Og nettopp difor er det ein arv som handlar om historiekunnskap, bygningar og aktivitetar, og mykje meir enn det. Det handla om det som var den aller største verdi. Og den kan ikkje kyrkja halde for seg sjølv.

Slik vart det også naturleg for han å engasjere seg i arbeidet med fred, forsoning og kyrkjeleg samarbeid i Europa. Det skjedde gjennom å vere med i styret for KEK, den europeiske kyrkjekonferansen.

Eitt av mine sterke minne frå hans økumeniske innsats, var kva andre sa om han etter generalforsamlinga i Trondheim i 2003. Det var særleg måten Finn Wagle møtte andre på som hadde gjort inntrykk, open, personleg, åndeleg og med eit blick for den store samanhengen. Slik skapte han relasjonar for livet med leiarar for

både store og små kyrkjer i Europa, med Pave og Patriark, erkebiskopar og synodepresidentar. Han hadde særleg syn for å engasjere yngre menneske enn han sjølv i dette arbeidet.

Som leiar av Bispemøtet, og dermed fast medlem i Kyrkjerådet, og som medlem av Kyrkjemøtet, sette Finn Wagle sitt preg på mange saker og prosessar i si tid som kyrkjeleiar. Når han talte, vart han lytta til, av dei som var samde med han og av dei som ikkje var det. Han ville gjerne få mange med på sine nye vegar framåt.

Han var sterkt engasjert i gudstenesteliv, og var i fleire år leiar for kyrkjas Nemnd for gudstenesteliv. Det vart gjennomført store og omfattande reformar i gudstenestelivet under hans leiing. Han ville at gudstensta skulle spegle både det lokale kyrkjelivet og det felles kristne gudstenesteliv som vi deler med dei store andre kyrkjene i verda. Ikkje minst var det viktig for han å høyre på det Ungdommens kirkemøte hadde sagt om dette.

Ein nøkkel i Wagles forståing av gudstenestelivet var at det skulle gje menneske tid og stad for at takknemnd også skulle bli «takksigelse»,

Noko av det han ofte løfta fram, og som tydelegvis gav han sjølv eit løft, var salmane våre. Det gjaldt både dei gamle, og ikkje minst mange nyare salmar.

Finn Wagle gjorde det klart at forsoning er sentrum i kyrkjas lære – og difor noko som må omsetjast i liv og i tiltak. Han såg tydeleg og tok på alvor at vår nasjon og kyrkje omfattar både det norske og det samiske folk, med språk og kultur. Urett som har skjedd i kyrkjas namn, uansett kven det gjeld, må takst på alvor, bli erkjent og kome til uttrykk i ein veg mot forsoning.

Wagle var sjølv vår for at livet er sårbart. Han var sterkt engasjert i diakoniens plass i kyrkjas liv. Hans sterke milljøengasjement for ei såra jord gjorde noko med han. Han gjorde også noko med korleis

kyrkja tok tak i dette som eit kall til omvending, forsaking og til å gi håp om endring.

Få kunne som han tale om «kallet», enten han talte ved kroningsjubileet i 2006 eller snakke med oss om det i nære, personlege samtalar. Han kunne formidle «et løftet perspektiv», slik han kunne få sagt det: «Det ligger en veldig styrke i å få tenke om livsgjerningen at den er et kall.»

No er hans livsgjerning enda. Finn Wagle var ei spesiell gåve til Den norske kyrkja

I dag seier vi takk. Først og fremst takk til Gud for Finns liv og gjerning. Våre tankar og takk går også spesielt til Ellen og familien, som støtta han og som betydde så mykje for han. Og så takk til Finn – for at vi fekk følge deg.

Fred over Finn Wagles gode minne!